



DET KONGELIGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv Q-21/2012

Om lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv Q-21/2012

Om lov om råd eller anna
representasjonsordning i kommunar
og fylkeskommunar for menneske
med nedsett funksjonsevne m.m.

Innhald

Innleiing	5
Rettleiande merknader til lova	7
1. Formålet med lova og saksområde 1 § 1	7
1.1. Formålet med lova (§ 1)	7
1.1.1. <i>Nedsett funksjonsevne</i>	7
1.1.2. <i>Open, brei og tilgjengeleg medverknad</i>	7
1.2. Saksområde	8
1.2.1. <i>Avgrensing</i>	8
1.2.2. <i>Universell utforming</i>	9
1.2.3. <i>Arbeid mot diskriminering</i>	9
1.2.4. <i>Tenester for menneske med nedsett funksjonsevne</i>	10
2. Val av organisering (§ 2)	10
2.1. Eit eige råd.....	10
2.2. Råd i kommunar med kommunedelsutval.....	11
2.3. Interkommunale ordningar (§ 3).....	11
2.4. Felles råd med eldre (§ 4)	11
2.5. Andre representasjonsordningar	12
3. Oppnemning, samansetjing og mandat (§ 6)	12
3.1. <i>Formelle krav</i>	12
4. Plikter og rettar for medlemmane	15
5. Krav til sakshandsaming	18
5.1. Framlegging av saker og formidling av fråsegn	18
5.2. Krav etter anna lovgiving	19
6. Krav til drifta	22
6.1. Sekretariat.....	22
6.2. Møtebok.....	23
6.3. Budsjett	23
6.4. Årsmelding	23
Vedlegg	24

INNLEIING

Sikre god brukarmedverknad

Representasjonsordninga er viktig for å sikre god brukarmedverknad. Ordninga er derfor og viktig for lokaldemokratiet. Gjennom eit godt fungerande råd kan ein sikra seg at verdifull erfaringskompetanse på ein systematisk måte blir spilt inn i tenesteutvikling - og planarbeidet i kommunen og medverke til at val av løysingar blir så inkluderande som mogleg.

Rundskrivet er meint å vere til hjelp for kommunane og fylkeskommunane og for dei som skal representere menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunane og fylkeskommunane må ta stilling til kva slag ordning dei skal ha. Lova gir kommunane og fylkeskommunane stor fridom, men krev at det skal vere ei formalisert ordning. Erfaring viser at nokre råd er overarbeide fordi dei har fått for mange saker. Kommunane må derfor gå kritisk gjennom kva dei oversender til rådene.

Lova opnar for at det kan vere eit felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet rår til at det til vanleg blir oppretta eit eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne, men ser at praktiske og andre omsyn kan gjere felles råd eller andre ordningar aktuelle.

FN - konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne er ein viktig konvensjon som har ført til økt fokus på likeverd og deltaking for personar med nedsett funksjonsevne. Konvensjonen forklarar kva menneskerettane inneber når det gjeld personar med nedsett funksjonsevne, og har som formål å sikre personar med nedsett funksjonsevne lik moglegheit til å realisere sine menneskerettar.

Nytt om organisering

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er eit fagorgan på likestilling og ikkje – diskriminerings området. Bufdir skal ha oversikt over råds- og representasjonsordningar i kommunar og fylkeskommunar relatert til lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld type ordning (råd/anna representasjonsordning, samansetting av råd/representasjonsordning, eventuelt samarbeid med eldreråd og samarbeid med andre kommunar).

Kommunestyret/fylkestinget skal vedta mandat for rådet og oppnemne leiar, nestleiar og medlemmer.

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m. m. vart vedtatt av Stortinget 17. juni 2005. Etter denne lova skal alle kommunane og fylkeskommunane ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Lova tredde i kraft 10. september 2007. Eit rundskriv som blei gitt ut i 2007 ga rettleiing til denne lova. Rundskrivet avløyste rundskriv 1-42/99 som bygde på at råd for menneske med nedsett funksjonsevne var ei frivillig ordning. Dette rundskrivet avløyser rundskriv A-28/2007. Som korttittel på lova nyttar vi Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Forarbeida til lova er Ot.prp. nr. 87 (2004-2005) og Innst. 0. nr. 114 (2004-2005). Lova inneheld også endringar i eldrerådslova. Desse endringane blei presiserte ved ei lovendring i juni 2007, jfr. Ot.prp. nr 44 (2006-2007) og Innst. 0. nr. 76 (2006-2007). Den endelege lovteksten er tatt inn som vedlegg.

Rundskrivet inneheld ei orientering om kva for reglar som gjeld. Då er det nytta verb som "skal" og "må". Dels er det anbefalingar. Då er det nytta "bør" eller liknande. Og dels er det omtale av ulike løysingar som ein kan velje mellom. Då er det nytta "kan" eller tilsvarande.

Rundskrivet er også lagt ut på departementet sine nettsider på www.regjeringa.no.

15. juni 2012

Arni Hole (e.f.)
Ekspedisjonssjef

Inge Ovesen
Avdelingsdirektør

Distribusjonsliste:

Kommunane

Fylkeskommunane

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar

Organisasjonar for funksjonshemma med tilskott frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)

Fylkesmennene

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Likestillings- og diskrimineringsombudet

RETTLEIANDE MERKNADER TIL LOVA

1. Formålet med lova og saksområde

1.1. Formålet med lova (§ 1)

Kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det kan vere viktig at partane diskuterer omgrepa som er nytta her, slik at ein er sams om kva rådet skal medverke til. Her er forklaring på nokre begreper:

1.1.1. Nedsett funksjonsevne

Omgrepet er forklart slik i Ot.prp. nr. 87 (2004-2005), kap 14, merknad til § 1:

Nedsett funksjonsevne vil seie tap av eller skade på ein kroppsdel eller i ein av kroppsfunksjonane. Det kan til dømes dreie seg om nedsett rørsle-, syns- eller hørslefunksjon, nedsett kognitiv funksjon eller ulike funksjonsnedsetjingar på grunn av til dømes allergi, hjartesykkdommar, lungesykkdommar, nevrologiske sykdommar eller psykiske lidingar (Jf St. meld. nr 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmande barrierer, side 8.) Nedsett funksjonsevne treng ikkje resultere i avgrensingar når det gjeld samfunnsmessig deltaking dersom tilkomsten til barnehagar, utdanning, arbeid, transport, bygningar, bygdemiljø, uteområde, informasjon og kommunikasjon, produkt, kultur og fritidstilbod, ferie, hjelpemiddel, helse- og sosialtenester osv. er god nok.

Konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne erkjenner at

[...] funksjonshemming er et begrep i utvikling og at funksjonshemming er et resultat av interaksjon mellom mennesker med nedsatt funksjonsevne og holdningsbestemte barrierer og barrierer i omgivelsene som hindrer dem i å delta fullt ut og på en effektiv måte i samfunnet, på lik linje med andre.

Under formålet i konvensjonen seiast det at

[...] Mennesker med nedsatt funksjonsevne er bl.a. mennesker som har langvarig fysisk, mental, intellektuell eller sensorisk funksjonsnedsettelse som i samspill med ulike barrierer kan hindre dem i å delta fullt ut og på en effektiv måte i samfunnet, på lik linje med andre.

1.1.2. Open, brei og tilgjengeleg medverknad

”Medverknad” skal i hovudsak skje gjennom rådgiving og fråsegn. Medverknaden skal etter lova vere open, brei og tilgjengeleg.

Munnlege drøftingar med rådet kan vere føremålsteneleg under arbeidet med større saker, men rådet skal likevel inviterast til å gi skriftleg fråsegn når saka skal avgjerast.

Informasjon og kontakt med publikum er viktig på alle områder. IKT-baserte løysingar blir ofte nytta. Difor er det viktig å medvirke til at desse er tilpassa brukarar med ulike funksjonsnedsettingar.

'Open'

For at medverknaden skal vere open, må kommunen/fylkeskommunen sikre at alle saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne, vert kjende for medlemmane av rådet. Tilsvarande må dei råd og fråsegn rådet kjem med, på ein eigna måte gjerast kjent for dei som arbeider med den aktuelle saka i kommunen/ fylkeskommunen. Det er eit krav i lova at fråsegn skal liggje ved saksdokumenta til det organ som endeleg avgjer saka.

For at medverknaden skal bli reell, må alle sakspapir og saksopplysningar bli gitt i eigna form også for syns- og høyrselshemma. Kommunen må derfor nytte tilgjengelege elektroniske løysingar og syte for døvetolk når det er nødvendig.

'Tilgjengeleg'

Befolkninga bør få kjennskap til dei fråsegn rådet kjem med gjennom eigna offentleggjering av desse. Det bør mellom anna vurderast om kommunen og fylkeskommunen si eventuelle heimeside på Internett kan nyttast her.

1.2. Saksområde

1.2.1. Avgrensing

Rådet skal handsame saker som er særleg viktige for personar med nedsett funksjonsevne. Til dømes tilgjenge, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne, samt tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. (Se § 1)

Rådet skal medverke til at:

- samfunnsskapte barrierar blir fjerna,
- direkte og indirekte diskriminering blir motarbeidd innanfor heile det kommunale saksområdet
- menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til dei kommunale tenestene og kommunal informasjon som er nødvendig for at dei skal fungere best mogleg

Rådet skal mellom anna kunne ta opp forhold innanfor plan- og bygningssektoren, samferdsel, barnehage, arbeid, skule, kultur, idrett, friluftsliv, helse og pleie- og omsorgstenestene (Ot.prp. nr. 87 (2004-2005)).

Overgripande saker

Rådet bør konsentrere seg om større og overgripande saker for å sikre at det vert tatt omsyn til menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet bør ta del i:

- økonomiplanen og årsbudsjettet etter kap. 8 i kommunelova
- kommunal og regional planlegging etter kap. 7 - 12 i plan- og bygningslova
- samhandlingsreforma.
- planprogram og konsekvensutredningar etter plan- og bygningslova jf. kap 4 og 14.

Medverknad i planperioden

Kommunen og fylkeskommunen bør på eigna måte trekkje inn rådet i arbeidet med kommunal og fylkeskommunal planlegging etter plan- og bygningslova ." Etter § 5-1 andre

ledd har [...] kommunen et særleg ansvar for å sikre aktiv medvirkning frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikras gode moglegheiter for medverknad på annan måte.

Rådet kan etter lova ta opp saker av eige initiativ. Etter departementet sitt syn bør det vere stor fridom her.

Saker rådet ikkje skal behandle

Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.

Det er ikkje tenkt at det skal leggjast forvaltningsoppgåver til rådet, slik som t.d. forvaltning av kommunale tilskot til lokale interesseorganisasjonar eller forvaltning av tilskot til særskilte tiltak for målgruppa. Departementet rår til at medverknaden i slike saker vert avgrensa til å innhente råd og synspunkt.

Saksområdet bør gå fram av mandatet for rådet. Sjå elles punkt 3.2 i dette rundskrivet.

1.2.2. Universell utforming

”Universell utforming” inneber at tilkomst for menneske med nedsett funksjonsevne i størst mulig grad blir løyst gjennom ordinære, generelle tiltak som ein naturleg del av produktdesign, arkitektur, planlegging og service sjå 1)¹.

Arbeid for å sikre universell utforming vil vere viktig for rådet.

Handheving og praktisering av kap 29 i plan- og bygningslova om utføring av byggearbeid og krav til produkt til bygg og forskrifta til denne, er viktige for den fysiske tilkomsten. Det kan vere viktig at rådet blir tatt med på råd i slike saker.

I diskriminerings- og tilgjengelova § 9 seiest det at med universell utforming

[...] menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig.

FN konvensjonen definerer universell utforming som

[...] utforming av produkter, omgivelser, programmer og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, utan behov for tilpassing og en spesiell utforming. Universell utforming skal ikke utelukke hjelpemidler for bestemte grupper av mennesker med nedsatt funksjonsevne når det er behov for det.

1.2.3. Arbeid mot diskriminering

Rådet bør kunne gje råd/fråsegn om korleis kommunane/fylkeskommunane sikrar vernet mot diskriminering og om tiltak/rutinar for å hindre at diskriminering skjer.

Arbeid mot diskriminering av menneske med nedsett funksjonsevne vert nemnt særskilt i § 1.

¹ t. meld. nr. 40 (2002-2003) ”Nedbygging av funksjonshemmende barrierer” og ”Norge universelt utformet 2025 – Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013”

Både internasjonale konvensjonar og ulike norske lover har reglar som gjeld diskriminering av menneske med nedsett funksjonsevne. Det vert vist mellom anna til "Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)", som gjeld frå 1. januar 2009. Vidare til FN konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne som Noreg har skrivi under.

1.2.4. Tenester for menneske med nedsett funksjonsevne

Intensjonen med rådet er mellom anna å medverke til at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til dei kommunale tenestene som er nødvendige for at dei skal kunne fungere best mogleg. Det vil kunne gjelde både lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester. Rådet bør medverke til å synleggjere dei behova ulike grupper med nedsett funksjonsevne har, og kva som er gode løysingar for desse.

2. Val av organisering (§ 2)

Kommunane skal for det formålet som er nemnt i § 1, opprette råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

I kommunar der viktige oppgåver for menneske med nedsett funksjonsevne er lagde til kommunedelsutval, gjeld føresegnene i denne lova tilsvarande for desse.

Etter lova er det ulike alternativ å velje mellom:

- eit eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne (§ 2)
- interkommunale representasjonsordningar/råd (§ 3)
- eit felles råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre (§ 4)
- andre representasjonsordningar (§ 2)².

Departementet vil understreke at det er viktig at organisasjonar for personar med nedsett funksjonsevne er med i prosessen om valet av ordning. Det bør leggjast avgjerande vekt på kva dei meiner. Ei løysing som organisasjonane ikkje vil medverke i, vil ikkje kunne oppfylle formålet med lova.

Representasjonsordninga er eit forvaltningsorgan etter § 1 i forvaltningslova.

2.1. Eit eige råd

Den beste løysinga er eit eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne³. Dette er i tråd med kva Sosialkomiteen gav uttrykk for ved handsaming av lova⁴. Det fører og til at kommunen legg meir vekt på dei saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne. Medlemmene av eit eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne må i alle høve dekkje eit vidt og samansett saksområde. Omsynet til arbeidsmengde, kompetanse hjå medlemmene og storleiken på rådet tilseier eit eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

² Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 2, 3, 4, 8 og 10. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova) §§ 4a og 8a

Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 1

³ Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 2 og 8

⁴ sjå Innst. 0. nr. 114 (2004-2005)

2.2. Råd i kommunar med kommunedelsutval

Lova skal sikre brukarmedverknad i alle saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne⁵. Kommunane kan delegerer nokre slike oppgåver til kommunedelsutval (bydelsutval). Då skal kvart kommunedelsutval oppnemne sitt eige råd. I tillegg skal det være eit sentralt råd for dei oppgåvene som kommunestyret (bystyret) har ansvaret for. Saker som blir handsama på begge nivå, bør ein eventuelt ta opp i både dei lokale råda og det sentrale rådet.

Dette gjeld også for kommunedelsråd som for kommunale råd. Heller ikkje kommunedelsråd skal handsame saker som gjeld einskildpersonar.

2.3. Interkommunale ordningar (§ 3)

Fleire kommunar kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kvar einskild kommune bør ha sitt råd der det er mogeleg å få til, men eit felles (interkommunalt) råd kan særleg vere aktuelt for små kommunar som har få menneske med nedsett funksjonsevne. Ei slik løysing vil gjere det lettare å finne brukarrepresentantar for ulike grupper menneske med nedsett funksjonsevne og sikre ei god bredde i kompetansen.

Der regionråd eller liknande organ arbeider med viktige kommunale saker kan ein opprette eigne råd for desse, slik at intensjonen om brei og open medverknad også blir ivaretatt i slikt interkommunalt arbeid.

2.4. Felles råd med eldre (§ 4)

Kommunane kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre.

Etter § 8 vil dette og gjelde for fylkeskommunane.

Eldrerådslova er endra for å sikre ei harmonisering av dei to lovene, jf. §§ 4a og 8a.

Eit råd må ha felles interesser

Skal ei representasjonsordning fungere godt, må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser og dermed ikkje vil medverke til eit felles råd, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Departementet ser det som avgjerande for ordninga at både organisasjonane, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og etablerte råd for eldre vert høyrde før kommunane/fylkeskommunane tar stilling til kva for endringar i representasjonsordninga dei skal ha.

Saksområdet for eit eventuelt felles råd vil vere saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne og alle saker som gjeld levekåra for eldre, jf. § 3 tredje leddet i eldrerådslova. Departementet viser til rundskriv 1-26/98 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd for omtale av saksområdet for eldreråda. Departementet meiner at felles råd berre bør veljast i særskilde høve.

⁵ Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 2 og 8

2.5. Andre representasjonsordningar

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 2 og 8

I lova er det opna for at kommunane og fylkeskommunane kan velje andre representasjonsordningar enn råd. Det må vere ei formalisert ordning, jf. krav etter §§ 6 og 7 med mellom anna krav til mandat, reglar for saksbehandlinga osv. Ein må sikre at formålet med lova vert ivareteke. Ordninga må sikre at det i saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne, vert sikra open og brei medverknad, jamfør § 1.

Dersom ein kommune og organisasjonane for menneske med nedsett funksjonsevne skulle ynskje å ha ei anna ordning enn råd, er det altså mogleg. Men departementet vil understreke at hovudregelen er at kvar kommune skal ha eit kommunalt organ for menneske med nedsett funksjonsevne.

3. Oppnemning, samansetjing og mandat (§ 6)⁶

Kommunestyra vedtek mandat for og samansetjing av råda. Reglane om forholdstalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova gjeld ikkje ved val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Tilsvarande gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar. Oppnemninga av medlemmer skal gjelde for valperioden. Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen skal organisasjonane deira ha forslagsrett.

Kommunestyret vedtek mandat for og samansetjing av rådet⁷. Tilsvarande gjeld fylkestinget for fylkeskommunale råd.

Rådet vil vere både eit kommunalt utval⁸. og eit forvaltningsorgan⁹.

3.1 Formelle krav

Kommunestyret/fylkestinget fastset sjølv talet på representantar. Departementet rår til at aktuelle organisasjonar i kommunen/fylket får høve til å uttale seg når talet på rådsmedlemmar skal fastsetjast. Det er ein føresetnad i kommunelova § 10 nr 3 at det og skal veljast varamedlemmar til rådet.

Forholdstalsval gjeld ikkje

Etter § 6 gjeld ikkje reglane om forholdstalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova ved val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og dei gjeld heller ikkje for felles råd, jf. §§ 2 og 6 i eldrerådslova.

⁶ Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 4, 6 og 8Eldrerådslova §§ 2, 4a og 6 og 8aLov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 10 nr. 1Forvaltningslova § 1

⁷ § 6 og 8.

⁸ etter § 10 nr. 1 i kommunelova

⁹ etter § 1 i forvaltningslova

40 prosent kjønnsrepresentasjon

Etter § 38 a nr. 3 og 4, jfr § 36 nr. 2, i kommunelova skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent, dersom det er fleire enn fire medlemmar.

Kommunestyret oppnemner leiar

Leiaren og nestleiaren for rådet skal etter § 6 i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne oppnemnast av kommunestyret. Tilsvarande gjeld for fylkestinget for fylkeskommunale råd, jf. § 8. Dette vil også gjelde for felles råd med eldre.

Oppneming og fritak

Oppnemninga av medlemmar skal gjelde for valperioden. Medlem av rådet kan søkje om fritak frå vervet før funksjonstida er ute når vedkommande ikkje

[...]uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.

jf. kommunelova § 15 nr. 2. Dårleg eller svak helse er eit døme på kva som kan vere fritaksgrunn.

Samansetjing – kven kan foreslå medlemmar?

Kommunestyret/fylkestinget bør leggje stor vekt på å sikre god representasjon. Det er stor skilnad i dei utfordringar og vanskar menneske med ulike typar og grader av sansetap, motoriske vanskar, psykiske lidingar, utviklingshemming og andre slag nedsett funksjonsevne møter i samfunnet. Brukarrepresentantane i rådet bør så langt som mogleg vere representative for kommunen sine innbyggjarar med nedsett funksjonsevne.

Gode råd, men fare for inhabilitet

Mange stader er det gode erfaringar med råd som er samansett av representantar både frå kommunestyret/fylkestinget, administrasjonen og funksjonshemma sine organisasjonar.

Sentrale politikarar vil som rådsmedlemmar kunne styrkje rådet sin innverknad.

At representantar for kommuneadministrasjonen deltar i rådet, kan gi høve til fruktbare drøftingar mellom brukarrepresentantar, politikare og administrasjonen. Men ordninga er vanskeleg i høve til fråsegna i kommunelova om inhabilitet. I kommunelova § 40 nr. 3 bokstav b står det at

*Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ.
Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan gjelder ikke første punktum.*

Rådsmedlemmer som er tilsette i kommuneadministrasjonen og som arbeider innan saksområde som er sentrale for rådet, vil derfor ofte kunne bli inhabile. Dess meir sentrale dei er for rådet sine oppgåver, dess oftare vil dei være inhabile.

Departementet vil derfor ikkje rå til at representantar for kommuneadministrasjonen blir oppnemnde som rådsmedlemmar. Drøfting av saker og kontakt og samarbeid elles bør heller skje i samband med administrasjonen sitt ansvar for saksførebuing og informasjon til rådet.

Organisasjonane har forslagsrett

Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen, skal organisasjonane deira ha forslagsrett. Representantane skal ha legitimitet i eigen organisasjon.

På landbasis er det meir enn hundre organisasjonar for funksjonshemma. Desse har no to paraplyorganisasjonar

– Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO). FFO er den største av paraplyorganisasjonane.

Organisasjonsforholda lokalt bør avgjere om det skal innhenta forslag frå paraplyorganisasjonane eller frå enkeltorganisasjonane.

Der organisasjonane har få eller ingen lokale lag, kan ein eventuelt vende seg til FFO og SAFO på fylkes nivå for å få råd om personar i kommunen som kan veljast til rådet.

Felles råd med eldre

Er det felles råd med eldre, vil også pensjonistforeiningar ha rett til å kome med framlegg om medlemmer, jf. § 2 i eldrerådslova. Fylkespensjonistforeiningar har tilsvarende rett etter § 6 i denne lova når det gjeld oppnemning til felles råd i fylkeskommunen. Sjå elles rundskriv om eldreråd for utdjuping her. I dette rundskrivet er det og gitt ei tolking av kven som kan sitje i eldrerådet.

§ 6 seier ikkje noko om kven som skal ha fleirtal i rådet. Kommunen/fylkeskommunen må ta stilling til dette. Etter §§ 2 og 6 i eldrerådslova, skal fleirtalet av rådsmedlemmene vere alderspensjonistar i kommunen/fylkeskommunen. For felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er det kommunestyret/fylkestinget som avgjer sammensetjinga.

Mandat

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 1, 2, 5, 6, 8. Eldrerådslova §§ 4a og 8a.

Etter § 6 skal kommunestyret vedta mandat for rådet. Tilsvarende vil etter § 8 gjelde for fylkestinget.

Er det felles råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre, skal kommunestyret vedta mandat også for dette, jf. § 4a og § 8a i eldrerådslova.

Saksområdet til rådet bør gå fram av mandatet, men rådet skal likevel stå fritt til å kunne ta opp kva saker det ønskjer, jf. pkt. 1.2.1 i dette rundskrivet. Det bør gå fram kva type saker kommunen/fylkeskommunen skal leggje fram for rådet. I mandatet kan ein eventuelt gi rom for at det kan avtalast nærmare mellom rådet og

kommuneadministrasjonen kva saker rådet skal få til behandling. Departementet rår til at tilsvarende vert gjort når det er kommunedelsutvalet som fastset mandatet, jf. § 2, og ved interkommunale råd.

Det bør vurderast å ta rutinar og rettleiingar for samhandlinga mellom rådet og kommunen/kommunane/kommunedelane/fylkeskommunen inn i mandatet, sjå punkt 5 om sakshandsaming.

Det bør gå fram av mandatet kven som er ansvarleg for sekretariatsfunksjonane for rådet og kva oppgåver sekretariatet skal ha.

Krav til møtebok og til årsmelding bør takast inn.

4. Plikter og rettar for medlemmene

Kommunelova kap. 7.

Plikter og rettar for dei folkevalde er ikkje regulert i lova om råd for menneske med nedsett funksjonsevne, men pliktar og rettar for folkevalde i kap. 7 i kommunelova gjeld (sjå boks).

Kommunelova har ikkje føresegner om kommunens plikt til å legge til rette for folkevalde med nedsett funksjonsevne. Men det seier seg sjølv at skal folkevalde med nedsett funksjonsevne kunne fungere på linje med andre, må ein leggje forholda til rette for det. For eksempel må alle sakspapir og saksopplysningar vere tilgjengelege for både synshemma og hørselshemma. I praksis må dokument ligge føre i elektronisk format som blinde kan lese. Døve må ha døvetolk. Andre hørselshemma er avhengig av teleslynge eller andre hørselstekniske hjelpemiddel.

Døvetolk

Når eit eller fleire rådsmedlemmer har behov for døvetolking må møtearrangør i samarbeid med desse medlemmene sørge for at det er døvetolk til stades på møta. Dette kan gjerast ved at kommunen tingar tolk til dei aktuelle møta hos hjelpemiddelsentralen i fylket. Dette bør gjerast med ein gong møtetidspunkta er klare, gjerne for eit heilt år framover. Kommunane vil etter møtet få rekning for dette.

Det bør avklarast med dei aktuelle døvetolkbrukarane om dei har ynskje om ein spesiell tolk. Det er viktig at døvetolken blir avbestilt snarast mogleg dersom brukarane melder avbod til møtet.

Det kan også, i samarbeid med de aktuelle døvetolkbrukarane, tingast døvetolk i brukarens namn. Utgiftene vil da bli dekt over folketrygda som ein tolkehjelp til dagleglivets gjeremål.

Spesialtransport

For nokre medlemmer kan det være nødvendig med spesialtransport til møte i rådet og andre møte i samband med rådsarbeidet. Dersom dette ikkje kan dekkast av TT-ordninga, må kommunen syte for transport på anna måte.

Det er vanleg at kommunen gir tilbod om opplæring for folkevalde. Departementet vil rå til at også dei som blir medlemmer av råd for menneske med nedsett funksjonsevne får høve til å delta i slik opplæring, slik at dei får eit best mogleg grunnlag for å gjere ein god jobb for kommunen.

Kommunelova kap. 7. De folkevalgtes rettigheter og plikter.

§ 40. Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organ.

Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.

1. Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.
 2. Medlem som er til stede i et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgi stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt.
 3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:
 - a. Inhabilitet inntreer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.
 - b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan gjelder ikke første punktum.
 - c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.
- Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.
4. Vedkommende organ kan frita et medlem fra å delta ved behandlingen av en sak når han eller hun ber om det før saken tas opp til behandling, og vektige personlige grunner tilsier dette.
 5. Kommunestyret og fylkestinget skal selv fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.
2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerte tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring

5. Krav til sakshandsaming

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 5, 7 og 8.
Eldrerådslova §§ 3, 4, 7 og 8. Kommuneleva § 59.

5.1. Framlegging av saker og formidling av fråsegn

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 5.
Kommuneleva § 59.

Etter § 5 i Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal saker som er nemnde i § 1 i lova leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet kan også sjølv ta opp saker. Dei ulike kommunale/fylkeskommunale verksemder må gjerast kjende med den plikta kommunen/fylkeskommunen har.

Departementet rår som nemnt til at kommunestyret/kommunedelsutvalet/fylkestinget tydeleggjer saksområdet for rådet i mandatet og kva type saker kommunen/fylkeskommunen skal leggje fram, evt. lagar retningsliner for dette. Som nemnt rår departementet og til at det vert tatt inn retningsliner for samhandlinga mellom rådet og kommunen/fylkeskommunen.

Etter § 5 første ledd kan rådet sjølv ta opp saker. Departementet rår til at rådet blir gitt stor fridom her.

Aktuelle saker leggjast fram i god tid

Retningslinene for samhandling bør gjelde saker som kommunen/fylkeskommunen skal leggje fram og saker som rådet tek opp av eige initiativ. Retningslinene må sikre at alle aktuelle saker vert lagde fram for rådet i god tid. Motsvarande bør dei sikre at råd/føresegner frå rådet vert formidla til rett tid til rett instans. Det bør vurderast om det trengst eigne rutinar og rettleiingar for samhandling på visse saksområde eller for visse typar saker.

Tydeleg brukarmedverknad

Det er erfaring for at brukarmedverknaden ofte kjem inn for seint i vedtaksprosessar. Skal medverknaden verte god, bør den som medverkar kome inn i prosessen når det føreligg alternative måtar å gå vidare på. Det vil kunne variere om det vil vere medan tiltak er under planlegging, under arbeid eller først når eit tiltak er ferdig utgreidd og det skal fattast vedtak.

Dei som er valde inn i rådet sit der i kraft av eigen kompetanse og interesse. Dei vil kunne trenge å trekke på andre sin kompetanse før dei kjem med råd/fråsegn i konkrete saker. Det må takast omsyn til dette når ein skal vurdere kva som vil vere "i god tid".

Korrekt sakshandsaming

Etter § 5 andre ledd skal fråsegna frå rådet liggje ved saksdokumenta til det kommunale organet som endeleg avgjer saka. Det vil vere ein feil i sakshandsaminga om dette ikkje vert gjort. Ein slik sakshandsamingsfeil vil etter ei konkret vurdering kunne føre til at vedtaket i nokre tilfelle vert kjend ugyldig. Etter § 59 i kommuneleva kan tre eller fleire medlemmar av kommunestyret eller fylkestinget saman bringe avgjerder som er

treft av folkevald organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg.

Ved interkommunale råd må den einsskilde kommune som har gått med om ei slik løysing utarbeide gode rutinar for heile kommunen sitt ansvarsområde, som sikrar at alle aktuelle saker vert lagde fram for det interkommunale rådet.

5.2. Krav etter anna lovgiving

Kommunen/fylkeskommunen bør medverke til at medlemmene er kjende med sentrale delar av lover og regelverk som er viktige for utøvinga av verksemda i rådet. Det gjeld kommune-
lova, forvaltningslova, lova om offentlegheit, plan- og bygningslova, lovgiving om diskriminering, mellom anna lov om diskriminering - og tilgjenge og ny lov om folkehelsa som tro i kraft 1. januar 2012. Desse omtalast nærmere her. Andre viktige lover er m.a. opplæringslova, sosialtenestelova, helse- og omsorgstenestelova og miljøinformasjonslova.

Representantane bør kunne ta del i folkevaldopplæringa.

Kommunelova

Reglane for sakshandsaming i kommunelova gjeld verksemda i råda så langt ikkje anna går fram av lova om råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf kommunelova § 2.

Tilsvarande gjeld om det er felles råd med eldre.

Viktig for verksemda er særleg reglane i kommunelova kap 6 om saksbehandlingsreglar i folkevalde organ og reglane i kap. 7 om rettar og plikter for dei folkevalde.

Ein viser til at kommunestyret og fylkestinget etter § 39 i kommunelova sjølv fastset nærmare reglar for saksbehandlinga i folkevalde organ ved reglement.

Forvaltningslova

Ein viser til at rådet ikkje skal handsame einsskildsaker som gjeld personar. Av reglane i forvaltningslova vil det særleg vere fråsegnene i kap. 2 om ugilde som er aktuelle for medlemmene av rådet ved handsaming av saker, med dei særreglane som følgjer av § 40 nr. 3 i kommunelova.

Offentleglova

Føremålet med offentleglova av 19. mai 2006 er mellom anna å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig. Lova regulerer retten til innsyn.

Lovgivning om diskriminering

Både internasjonale konvensjonar og ulike norske lover har reglar som gjeld diskriminering av mellom anna menneske med nedsett funksjonsevne. Ei lov mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne (Diskriminerings- og tilgjengelova) gjeld frå 1. januar 2009. Lova har eigne fråsegner om krav til tilkomst og universell utforming – sjå §§ 9 – 12.

Arbeidsmiljølova har elles eit eige kapittel med vern mot diskriminering (kap. 13).

Plan- og bygningslova

Ny plan- og bygningslov gjeld frå 2010. I formålet seies det at lova gjeld generelt og for all samfunnsplanlegging, for arealstyring og byggesaksbehandling og at den skal fremme ein bærekraftig utvikling til beste for både individ, samfunnet som helheit og framtidige generasjonar. Loven framhever strategien universell utforming. Universell utforming skal ligge til grunn for planlegginga, og i kravene til det enkelte byggetiltak for å bidra til å hindre diskriminering.

Kommunen og fylkeskommunen bør på eigna måte trekkje inn rådet i arbeidet med kommunal og fylkeskommunal planlegging etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova kap 5 om "Medvirkning i planperioden." Etter § 5-1 andre ledd har [...] kommunen et særlig ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode muligheter for medverknad på anna måte.

Kommuneplanarbeidet skal vøra den mest omfattande planprosessen i kommunen. Her tek ein beslutningar som gjelder framtidig utvikling av kommunen. Prosessen skal legges breidt opp, med god medverknad frå interessegrupper og berørte.

Kommunelova kap. 6. Saksbehandlingsregler i folkevalgte organer.

§ 31. Åpne eller lukkede møter.

1. Møter i folkevalgte organer skal holdes for åpne dører hvis ikke annet følger av lovbestemt taushetsplikt eller vedtak etter denne paragraf.
2. Møteleder skal på anmodning gi tillatelse til at forhandlingene i åpne møter tas opp på lydbånd, video, e.l., eller kringkastes over radio eller fjernsyn, såfremt dette ikkje virker forstyrrende på gjennomføringen av møtet.
3. Et folkevalgt organ kan vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern eller andre tungtveiende private eller offentlige interesser tilsier dette. Debatt om dette foregår for lukkede dører hvis møteleder krever det eller vedkommende organ vedtar det. Personalsaker skal alltid behandles for lukkede dører.
4. Kommunestyret og fylkestinget selv kan av hensyn til personvern gi bestemmelser om at møtene i andre organer eller i visse sakstyper i andre organer skal holdes for lukkede dører.
5. Kommunestyret og fylkestinget selv kan også ellers, når det er nødvendig på grunn av et bestemt angitt forhold ved den særskilte sak eller sakstype, bestemme at møtene i andre organer eller i visse sakstyper i andre organer skal holdes for lukkede dører, når organet ikke selv skal treffe vedtak i saken.
6. Møte i kommuneråd og fylkesråd holdes for lukkede dører, hvis ikke rådet selv bestemmer noe annet og paragrafen her ikke er til hinder for det.

§ 32. Fastsetting av møter. Saksliste. Innkalling. Møteledelse.

1. Møte i folkevalgte organer skal holdes på de tidspunktene som er vedtatt av organet selv, kommunestyret eller fylkestinget, og ellers når organets leder finner det påkrevd eller minst 1/3 av medlemmene krever det.
2. Lederen av folkevalgt organ setter opp sakliste for det enkelte møte. Innkalling til møtet skal sendes organets medlemmer med høvelig varsel, og skal inneholde en oversikt over de saker som skal behandles.
3. Saklisten til møtet og andre dokumenter som ikke er unntatt fra offentlighet, skal være tilgjengelig for allmennheten. Møte som skal holdes for åpne dører, skal gjøres kjent på hensiktsmessig måte.
4. Møte i folkevalgte organer ledes av organets leder eller nestleder. Har begge forfall, velges en særskilt møteleder ved flertallsvalg.

§ 33. Vedtaksførhet.

Et folkevalgt organ kan bare treffe vedtak hvis minst halvparten av medlemmene har vært til stede under forhandlingene og avgitt stemme i vedkommende sak.

§ 34. Endring av sakliste. Forespørsler.

1. Folkevalgt organ kan med alminnelig flertall vedta å utsette realitetsbehandlingen av en sak på den utsendte saklisten. Det kan også treffe vedtak i sak som ikke er oppført på saklisten, hvis ikke møteleder eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg dette.
2. Ethvert medlem kan rette forespørsler til lederen i møtet, også om saker som ikke står på saklisten.

§ 35. Avstemninger.

1. Vedtak treffes med alminnelig flertall av de stemmer som avgis, hvis ikke annet følger av denne lov. Ved stemmelikhet i andre saker enn valg er møteleders stemme avgjørende.
2.
3. Valg av leder og nestleder for folkevalgte organer holdes som flertallsvalg.
4. Valg av medlemmer av nemnder holdes som forholdsvalg når minst ett medlem krever det, og ellers som flertallsvalg.
5. Ved valg og ansettelse kan hvert enkelt medlem kreve skriftlig avstemning.

§ 39. Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunen og fylkeskommunens arkiver.

6. Krav til drifta

6.1. Sekretariat

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 7, 8.

Føresegna i § 7 om administrative funksjonar gjeld tilsvarende for fylkeskommunen, jf. § 8.

Det er mest naturleg at sekretariatet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen vert lagt til rådmannskontoret. Tilsvarende tilråding er gitt for eldrerådet. Det er i alle høve naturleg at sekretariata ligg same stad.

Tid og tilgjenge

Sekretariatet må medvirke til at alle saker som skal handsamast i rådet kjem dit i god tid. For at blinde og synshemma skal kunne lese dokumenta, må dei liggje føre i egna elektronisk form. Sekretariatet bør og føre møteboka.

Kommunen/fylkeskommunen bør utarbeide rutinar for sekretariatet si formidling av råd og fråsegner.

Sekretariatet er ein del av den samla kommunale/fylkeskommunale administrasjon og er underlagt administrasjonssjefen innanfor dei rammer kommunestyret/fylkestinget fastset, jf. kommunelova § 23 nr. 1.

6.2. Møtebok

Kommunelova § 30 nr. 3.

Det skal førast møtebok over saker som er behandla av rådet etter regler fastsett av kommunestyret/fylkestinget.

Kommunelova § 30. Møteprinsippet.

....

3. Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.

6.3. Budsjett

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 7, 8.

Det er ein føresetnad etter lova at kommunestyret/fylkestinget skal løyve dei nødvendige midlane til å dekkje drifta i rådet. Løyvinga skal omfatte midlar til

- sekretariatsfunksjonen,
- arbeidsgodtgjersle og tap av inntekt/påførte utgifter (jf kommunelova § 42) samt
- nødvendige utgifter til skyss, kost og overnatting etter dei satsar kommunestyret/fylkestinget har vedteke (jf. kommunelova § 41).

I tillegg bør kommunen/fylkeskommunen vurdere å opne for at rådet har ressurser til å halde eller delta i møter/konferansar med eksterne deltakarar.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget vedtar budsjett.

Innan dei rammene kommunelova og budsjett- og rekneskapsforskriftene set, har kommunestyret/fylkestinget høve til å delegere budsjettmyndigheit til rådet. Det kan skje ved at rådet får ei rammeløyving å halde seg til eller ved ordinær delegasjon gjennom fullmakt.

6.4. Årsmelding

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 7, 8.

Rådet skal leggje fram melding om verksemda kvart år. Denne skal leggjast fram for kommunestyret/fylkestinget, jf. §§ 7 og 8.

Meldinga bør mellom anna omtale kven som har vore representantar, dei saker som er handsama, dei råd og føresegner som er gitt og eigne initiativ.

Rapporten kan gjerne innehalde ei vurdering av den påverknadskrafta rådet har hatt.

Kommunestyret/fylkestinget bør behandle meldinga som ei eiga sak.

VEDLEGG

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

§ 1. Kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 2. Kommunane skal for det formålet som er nemnt i § 1, opprette råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

I kommunar der viktige oppgåver for menneske med nedsett funksjonsevne er lagde til kommunedelsutval, gjeld føresegnene i denne lova tilsvarende for desse.

§ 3. Fleire kommunar kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 4. Kommunane kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre.

§ 5. Der det blir oppretta råd som nemnt i §§ 2 til 4, skal saker som er nemnde i § 1, leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fråsegna frå rådet skal liggje ved saksdokumenta til det kommunale organet som endeleg avgjer saka.

Første ledd gjeld tilsvarende for andre representasjonsordningar så langt det høver.

§ 6. Kommunestyra vedtek mandat for og samansetjing av råda. Reglane om forholdstalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova gjeld ikkje ved val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Tilsvarende gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar. Oppnemninga av medlemmer skal gjelde for valperioden. Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen skal organisasjonane deira ha forslagsrett.

§ 7. Kommunane skal sørge for at dei administrative funksjonane for råda blir tekne vare på. Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyret opprettar sekretariat, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksbehandlinga i rådet. Reglane om utval i kommunelova gjeld tilsvarende så langt ikkje anna går fram av denne lova. Rådet skal kvart år leggje fram ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret. Tilsvarende gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar.

§ 8. Føresegnene i §§ 2-7 gjeld tilsvarande for fylkeskommunane så langt dei høver.

§ 9. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

§ 10. Frå det tidspunktet lova tek til å gjelde, blir desse endringane i lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd gjort gjeldande:

I kapittel I skal ny § 4a lyde:

(Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

I kapittel II skal ny § 8a lyde:

(Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)

Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinga vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av fylkestinga. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

Utgjeve av:
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 20 00

Publikasjonskode: Q-21/2012
Trykk: Merkur Trykk AS 07/2012 – opplag 5000